



## Saksframlegg

### Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Kommunestyret.

#### Dokument i saka:

- Fyresdal kommune sitt innkjøpsreglement vedteke i kommunestyret 17. juni 2015.

#### Vedlegg:

- Dokument om strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp i kommunar og fylkeskommunar.

#### Bakgrunn for saka:

Samarbeid mellom KS, NHO, Skatteetaten, Unio, YS og LO mot svart økonomi (SMSØ) har utarbeidd 10 gode råd for kva kommunar og fylkeskommunar kan gjere for å hindre at useriøse aktørar får tilgang til kontrakter og kva dei bør gjere for å følgje opp risikoinnkjøp. Gropa skal gjer det enklare å hindre at useriøse aktørar får tilgang til kontraktene i risikokjøp som t.d. bygg, reinhald, bilvask mv.

#### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016 der det heiter; Vi skal ha eit kvalitetssikra tenestetilbod.*

Fyresdal kommune har eige innkjøpsreglement vedteke av kommunestyret 17. juni 2015. Dette reglementet må nå reviderast da Fornying-, administrasjons- og kirkedepartementet (FAD) m.a. har vedteke endringar i verdien for når eit innkjøp skal lysast ut på den nasjonale DOFFIN-basen. Desse endringane skal setjast i verk frå 1. januar 2017 som da også må endrast i vårt reglement.

Kommunen si innkjøpsavtale er i dag tufta på lov om offentlege anskaffelsar med tilhøyrande forskrift. I tillegg skal ein ved innkjøp nytte rettleiar om "Etiske krav i offentlege anskaffelser", samt vektlegge omsynet til eit berekraftig lokalmiljø. Ikke minst i forhold til det siste har det i det siste vore eit betydeleg engasjement om kommunen si praktisering av offentlege innkjøp og om desse kan gjerast meir innovative og styrke regionale og lokale verksemder som leverandørar. Rådmannen varslar med dette ein gjennomgang av kommunen sitt innkjøpsreglement.

Som ein del av innkjøpsreglement og anbod som følgje av dette er Fyresdal opptatt av å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp. Dette blir i dag innarbeida i anbodsdocument.

Når ein nå gjennom samarbeid mot svart økonomi har fått tilgang på eit strategisk dokument som vil gjere det enklare for kommunen å kjempe mot svart økonomi gjerast dette kjent ved politisk handsaming i formannskap og kommunestyret, informerast om i utvida leiarmøte, i møte med tillitsvalde/verneombod og innarbeidast i innkjøpsreglementet som eit vedlegg.

**Konklusjon:**

Strategisk dokument som vil gjere det enklare for kommunen å kjempe mot svart økonomi gjerast kjent administrativt og politisk og innarbeidast som del av kommune sitt innkjøpsreglement.

**Innstilling frå rådmannen:**

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

Ketil O. Kiland	
rådmann	